

ArmGlider



illustrasjonsfoto: Colourbox.com

Redusert funksjon i armane er eit vanleg problem for menneske som har hatt hjerneslag eller har vore utsett for ulukker. Jamnleg og repeterande trening er viktig ved opptrening for desse pasientane.

ArmGlider er ein prototype på ei armstøtte som kan brukast til å trene armar og hender meir intensivt ved å avlaste armen si eiga vekt.

Innovasjonsprosjektet skal vidareutvikle ein prototype som allereie er prøvd ut av pasientar ved Haraldsplass og Haukeland.

Vidare arbeid

Tilbakemeldingar frå pasientar og tilsette vil brukast til å forbetre produktet. Det er og planlagt å få fleire pasientgrupper til å prøve om ArmGlider kan brukast til opptrening for dei.

Relevante bruksområder

Rehabilitering for pasientar med hjerneslag, revmatiske lidningar eller for pasientar som har gjennomgått operasjon i armen.

I tillegg er produktet planlagt brukt som førebygging av muskel/skjelettplager ved vanlege kontorarbeidsplassar.

Finansiering

Innovasjonsmidlar, Haukeland universitetssjukehus

Kontakt

Bergen Teknologioverføring
www.bergento.no

Iris Brunner, fysioterapeut og postdoc
Rehabiliteringsklinikken, Haukeland og
Universitetet i Bergen
epost: iris.brunner@uib.no

